



Samferdsleavdelinga Sogn og Fjordane
Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad
Tlf. 57612701

Vår referanse:
17/67-14-OJØ-

Dato:
15.10.2017

Sykkelpyten Førde - søknad om forlenging av avtale

Førde kommune søker med dette om forlenging/fornyng av avtale om sykkelby, sykkelbyavtalen, med partane Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Det vart 7. mai 2012 inngått "Avtale for Sykkelpyten Førde" mellom Førde kommune, Statens vegvesen Vegavdeling Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avtalen var i utgangspunktet gyldig til 31. desember 2015. Denne vart hausten 2015 prolongert til 31.12.2017.

Førde kommune ser eit stort behov for at arbeidet med sykkelbyen vert vidareført også etter 2017. Førdepakken vil etablere ein omfattande ny infrastruktur for mellom anna sykling som er planlagt skal stå ferdig i 2024. Arbeidet med haldningsendringar frå bil til sykkel er svært krevjande og vil ta tid. Å få innbyggjarane sentralt i Førde til å nytte seg av den infrastrukturen som Førdepakken no byggjer fram mot 2024 vil vere avgjerande for å få til nødvendige endringar i reisevaner med ny infrastruktur på plass.

Førde kommune håpar at også Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune ser behovet, og vil halde fram avtalen for ein ny periode med mellom anna finansiering av prosjektleiarstillinga og andre ressursar. Vi ber om at sykkelbyavtalen blir forlenga for ein ny periode frå 01.01.2018 til 31.12.2021, med høve til forlenging deretter med 1 år om gangen etter nærare avtale.

Gjeldande avtaletekst er frå før Førdepakken, og med denne søknaden om forlenging/fornyng ligg det ved forslag til ny avtaletekst. Når det gjeld refusjon av brutto løn til prosjektleiar er det teke utgangspunkt i avtalt sum frå 2012 på kr. 150 000 og justert den fram til 2018 til kr. 180 000 basert på ein årleg lønsvekst på 3%. Avtalen blir å skrive under så snart denne søknaden er handsama og det er semje om ny avtaletekst.

Med helsing

Ole John Østenstad
rådmann

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Arve Seger
Odd Harry Strømsli
Trond Ueland

6800 FØRDE

Vedlegg:

171011_Sykkelbyen Førde_Utkast avtale

Dette brevet er sendt til:

Mottakere:

Samferdsleavdelinga Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Statens vegvesen
Vegavdeling Sogn og Fjordane

Askedalen 2
Askedalen 4

6863 LEIKANGER
6863 LEIKANGER